

KONGELEG RESOLUSJON

Fornyings- og administrasjonsdepartementet

Statsråd: Heidi Grande Røys

Ref nr.:

Saksnr.: 200600403 - 4

Dato: 08.02.2006

Vedtak etter konkurranselova § 21 om å tillate Prior Norge BA si overtaking av Norgården AS på det vilkåret at Eggprodukter AS vert avhenda

1. Saka gjeld

Denne saka gjeld tilråding om å gje Prior Norge BA (Prior) løyve etter konkurranselova § 21 fyrste leden til å kjøpe Norgården AS (Norgården), på det vilkåret at Prior sel Norgården sine aksjar i Eggprodukter AS.

2. Bakgrunn

I mars 2005 kjøpte Prior alle aksjane i Norgården. Norgården sin aksjepost på 70,4 % i Eggprodukter AS følgde med ved Prior sitt oppkjøp. Den 29. september 2005 greip Konkurransetilsynet inn mot kjøpet med heimel i konkurranselova § 16. Prior klaga rettidig saka inn for Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD) med brev 20. oktober 2005 til Konkurransetilsynet. Departementet fekk klaga frå tilsynet 11. november 2005. Det følgjer av konkurranselova § 20 fjerde leden tredje punktum at departementet har frist til 6. februar 2006 med å treffe vedtak i klagesaka. FAD vedtok 6. februar 2006 å oppretthalde vedtaket frå tilsynet.

Legale rammer for kontroll med foretaksamanslutningar etter konkurranselova

Etter konkurranselova § 16 skal Konkurransetilsynet gripe inn mot ei foretaksamanslutning dersom tilsynet finn at ho fører til eller forsterkar ei vesentleg innskrenking av konkurransen i strid med føremålet i lova om å fremje konkurranse for "... derigjennom å bidra til effektiv bruk av samfunnets ressurser".

Departementet skal som klageinstans på same vis som Konkurransetilsynet avgjere saka på grunnlag av ei rein konkurransefagleg vurdering.

Dersom tilsynet meiner at dei vilkåra som er nemnt ovanfor er oppfylt, må altså tilsynet gripe inn, og departementet må oppretthalde vedtaket dersom det er einig. Systemet i lova føreset at det berre skal skje ei rein konkurransefagleg vurdering i fyrsteinstansen og klageinstansen og ikkje ei avveging mot andre politiske omsyn. Er det ulike politiske omsyn i ei sak, kan Kongen i statsråd gjere avveging etter føresegna i konkurranselova § 21. Tilrådinga i denne saka er resultatet av ei avveging av konkurransepolitiske omsyn mot landbrukspolitiske omsyn.

Den konkurransefaglege avgjerda etter konkurranselova § 16

Samanslutninga av Prior og Norgården gjeld i hovudsak tre marknader, marknaden for sortering, pakking og sal av egg til konsum, marknaden for produksjon av eggprodukt og marknaden for kjøp og innsamling av egg frå primærprodusentar.

Konkurransetilsynet meiner at samanslutninga skapar problem for konkurransen i alle tre marknadene. Departementet er kome til at samanslutninga særleg verkar konkurranseinnskrenkande i marknaden for sal av egg til konsum og marknaden for produksjon og sal av ulike eggprodukt.

FAD slutta seg elles i hovudsak vurderinga frå tilsynet i handsaminga av klaga, og tok dermed ikkje klaga til følge. Tilsynet sitt vedtak vart ståande.

3. Departementet si vurdering etter konkurranselova § 21

Etter konkurranselova § 21 kan Kongen i statsråd ”i saker av prinsipiell eller stor samfunnsmessig betydning tillate en foretakssammenslutning som Konkurransetilsynet har grepet inn mot etter § 16”.

Ei slik omgjerding kan ikkje skje før departementet har avslutta handsaminga av klagesaka. Departementet avgjorde saka 6. februar 2006.

Av framstillinga ovanfor går det fram at overtakinga av Norgården har negative verknader for konkurransen i dei marknadene som er relevante i saka. Men kjøpet har òg positive verknader for landbrukspolitiske mål. Det er nett slike samfunnsmessige omsyn

som gjer at Kongen i statsråd kan tillate Prior å kjøpe Norgården, sjølv om Konkurransetilsynet og departementet ut frå ei rein konkurransefagleg vurdering har gripe inn mot samanslutninga.

Det er eit viktig landbrukspolitisk mål å halde norsk produksjon av egg ved lag og syte for ei inntekt for eggprodusentane i samsvar med avtala om jordbruksoppgjeret. Landbrukspolitikken byggjer på at samvirkeorganisasjonane har ein slik posisjon i marknaden at måla kan haldast oppe. Dette inneber at dei må ha ein posisjon i marknaden ut over det som følgjer av konkurransepolitiske mål åleine.

Situasjonen på landbruksområdet er no spesiell ved at det innan utgangen av april vil kunne bli gjort konkrete vedtak i WTO som om nokre år vil innebere auka import av egg og dermed auka prispress for norske jordbruksvarer, inkl. egg. Dette vil endre konkurranseforholda for norske landbruksprodukt. Gjennomføringsperioden for desse endringane vil kunne bli 5-6 år. I ein rasjonell og langsiktig landbrukspolitikk er dette likevel ikkje lengre tid enn det som vil være naudsynt for å kunne gjennomføre mest mulig fornuftige tilpassingar.

I denne situasjonen er det avgjerande for å halde oppe måla om norsk produksjon av egg og inntekter til eggprodusentane at Prior har ein sterk posisjon i marknaden. Dersom Prior får overta Norgården, kan Prior oppretthalde ein sterk marknadsposisjon òg når importen aukar. For å avgrense dei konkurranseskadelege verknadane kan det settast som vilkår for å tillate overtakinga av Norgården at Prior sørgjer for at Norgården avhendar sine aksjar i Eggprodukter AS, slik Prior har sagt seg viljug til, og at Prior tek på seg å forsyne denne verksemda med råstoff som erstatning for råstoff frå Norgården.

Konklusjon:

I denne saka har landbrukspolitiske omsyn større vekt enn dei konkurransepolitiske omsyna, og Fornyings- og administrasjonsdepartementet gjer framlegg om at Prior får kjøpe Norgården. Det skal setjast som vilkår at Prior sørgjer for at Norgården sel sin produksjon av eggprodukt og at Prior tek på seg å forsyne denne verksemda med råstoff som erstatning for råstoff frå Norgården.

Av praktiske årsaker bør dei nærare føresegnene om gjennomføringa av vilkåret for å tillate samanslutninga av verksemdene delegerast til Fornyings- og administrasjonsdepartementet. Dette må vere rett sjølv om realitetsavgjerda etter konkurranselova § 21

er lagt til Kongen i statsråd. Foremålet med å avskjere høvet til delegering i prinsipielle og samfunnsmessig viktige avgjerder slår ikkje til på same måte for retningslinjer som er naudsynte for å setje i verk avgjerda. Slike detaljar eignar seg ikkje for hand-saming i statsråd.

Det er Konkurransetilsynet som etter lova skal føre tilsyn med at vedtak etter lova vert gjennomførde. Det gjeld òg oppfølging av vilkåret i denne saka. Tilsynet bør i denne samanhengen òg få fullmakt til å nytte det særlege løyvet i konkurranselova § 16 fjerde leden til å peike ut forvaltar som skal hjelpe til ved iverksetjing av vilkår ved samanslutningar av verksemdar.

”Fornyings- og administrasjonsdepartementet

tilrår

Vedtak etter konkurranselova § 21 om å tillate Prior Norge BA si overtaking av Norgården AS på det vilkåret at Eggprodukter AS vert avhenda, i samsvar med forslaget som ligg ved.”

Sendes tilbake til KPA
Det attesteres at denne gjenpart er
i samsvar med kongelig resolusjon
av 10/02-2006,
Statsrådets kontor, 14/2-2006.

Bedil Nordli

"Vedtak etter konkurranselova § 21 om å tillate Prior Norge BA si overtaking av Norgården AS på det vilkåret at Eggprodukter AS vert avhenda:

I

Prior Norge BA sitt kjøp av aksjane i Norgården AS vert godkjent.

II

Prior Norge BA vert pålagt å sørgje for at aksjane til Nordgården AS i Eggprodukter AS vert avhenda til ein kjøpar som er uavhengig av Prior Norge BA eller selskap i same konsern som Prior Norge BA. Prior må òg forsyne Eggprodukter AS med tilstrekkeleg råstoff.

III

Fornyings- og administrasjonsdepartementet får fullmakt til å fastsette det nærare innhaldet i og føresegner om gjennomføring av vilkåret om sal av Eggprodukter AS. Departementet kan òg fastsette frist for avhendinga og gje dei pålegg som er naudsynte for å sikre at salet vert gjort i samsvar med føremålet med dette vedtaket.

IV

Konkurransetilsynet skal følgje opp gjennomføringa av vilkåret i II og føresegner frå departementet etter III. Konkurransetilsynet kan oppnemne ein forvaltar til å hjelpe til ved gjennomføringa. Prior Norge BA skal dekkje godtgjeringa til forvaltaren.

V

Vedtaket trer i kraft straks. Det erstattar Fornyings- og administrasjonsdepartementet sitt vedtak 6. februar 2006 etter forvaltningslova § 34 og opphever Konkurransetilsynet sitt vedtak av 29. september 2005."